

Nasjonalforeningen for folkehelsen



Uskedal helselag

Fem helselag skriv brev til kommuneadministrasjonen og dei folkevalde om nattevaktsstillinga på Varaldsøy.

**Vyrde Kommunedirektør, administrasjon og folkevalde.
La nattevaka overleva.**

**Ja, slik skriv helselaga i eit brev til Kommunedirektøren og administrasjonen i Kvinnherad kommune.
Det gjeld nattevakstillinga på Varaldsøy. Grunngjevinga til kommunedirektøren er at stillinga er lite brukt
og at ein kan finna andre løysingar for å ivareta denne funksjonen.**

At vår flotte kommune er langstrakt, vakker og høgreist, råder det lite tvil om.
At det er som ein draum å få veksa opp her blant fjord og fjell, kan me alle også vera samde om. Men for at me
skal kunna trivast her, er det viktig for oss at me
kan føla oss trygge og er godt ivaretakne, spesielt når det gjeld ulike helse- og omsorgstenester.

Når kommunedirektøren og administrasjonen no vel å leggja ned nattevaka på Varaldsøy, fordi den har vore lite
i bruk, vert det som å argumentera for å fjerna bruk av røykvarslar. Dette vert heilt meiningslaust.

Med skiftane vestlandsver kan me konstatera at det ikkje alltid er mogleg å koma seg til og frå, samstundes som me veit at responstida er viktig for utslaget på resultatet. Helselaga i Kvinnherad er opptekne av at alle kvinnheringar skal kunna føla seg trygge, uansett adresse, og vil med dette gi vår varmaste støtte til Sanitetskvinnene og resten av innbyggjarane på Varaldsøy.

Så kjære folkevalde: **Vis ansvar!**
LaKvinnherad verta ein kommune å sjå opp til !

La ungdomen vår få lyst å busetja seg her!

Venleg helsing

Rosendal helselag, Seimfoss helselag, Løfallstrand helselag, Husnes helselag og Uskedal helselag

Tekst: Pressemelding

Foto: Logo Nasjonalforeningen

Nett: Kristian Bringedal